

Elevinspektør Berit Karin Ø. Nilssen

Fylkesdirektør opplæring viser til brev datert 21.09.17 vedkomande elevinspektørstillinga, korleis oppgåvene er tenkt løyst og prosessen knytt til saka. Innspela og synspunkta i brevet vil vere med i det vidare arbeidet med ei politisk sak om elevinspektørordninga. Vi seier oss samde i at oppgåvene som i dag ligg til stillinga, er svært viktige og sentrale.

Det stemmer at det vart gitt ei kort orientering på rektorsamlinga 08.09.17 om at det vert lagt fram ei politisk sak om elevinspektørordninga. Arbeidsområda og oppgåvene, jf. retningslinjene frå 2013, er svært viktige, og i den politiske saka vil ein gjere greie for ansvar og arbeidsområde knytt til

- Elevrådskontakt og elevdemokrati
- Arbeid med skulen sitt læringsmiljø
- Elevteneste/rådgivingsteneste og ressursteam

På skulemiljøsamlinga tek vi sikte på å kome noko inn på bakgrunn og grunngjevingar for at saka vert lagt fram no, m.a. knytt til endringar i opplæringslova kap. 9A.

Fylkesdirektør opplæring legg opp til at skulane kan sende uttalar slik at ulike behov og synspunkt kan vere med på å bidra til ei godt opplyst og forsvarleg utgreiing.

Prosessens er planlagt slik:

- Skulemiljøsamling med oppstart av prosess
- Høyring: Uttalar frå skulane innan 15.10.17
- Informasjons- og drøftingsmøte fylkesnivå 18.10.17
- OPHE 07.11.17
- Administrasjonsutvalet 08.11.17
- Fylkesutvalet 20.-21.11.17
- Fylkestinget 12.-13.12.17
- Regionvise rektormøte 12., 13., 14.12.17 om vedtak og vidare arbeid

Vi takkar for engasjementet for eit godt og trygt skulemiljø.

Vennleg helsing
Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring